

GAULAR SOKNERÅD SITT VEDTAK:

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellestråd/organisasjon:

Gaular sokn _____

Adresse:

Førdevegen 12, 6973 Sande i Sunnfjord _____

Kontaktperson:

Kyrkjeverje Magna Lisbeth Lunde _____

Høringsspørsmålene

1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar:

Ja.

Både biskop og soknet si rolle må bli styrkt og gjort tydeleg.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar:

JA.

Den noverande finansieringsordninga er ei svært god ordning for DNK.

Kommunane dekker i dag ca. 2/3 av kyrkja sine totale driftskostnader (m.a. vedlikehald av bygg, anlegg, gravplassar og største delen av lønsutgiftene). Det er svært viktig for kyrkja at kommunen held fram med denne finansieringa av di dei er nær på den lokale kyrkja og dei ser kva verdi kyrkja har for lokalsamfunnet. Denne nære relasjonen gjev kyrkja eit godt utgangspunkt når vi saman med andre kommunale etatar «konkurrerer» om kommunale midlar.

Finansieringsforma vi har i dag er avgjerande for at vi framleis skal ha ei landsomfattande folkekyrkje

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Ei kombinasjonsløysing. Der største delen vert finansiert av det offentlege i kombinasjon med ei livssynsavgift som vert kravd inn av alle over skattesetelen.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Ved å styrkje administrasjonen til bispedømet og sokna. Nokre oppgåver kan samlast og løysast i ein større, profesjonell administrasjon. Dette som alternativ til mange mindre administrasjonssenter i kvart einaste prosti/kommune. Denne sentrale administrasjonen må tilby sokna god støtte i dei sakene som gjeld til dømes bygg og anlegg.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en framtidig kirkeordning?

Svar:

Soknet skal vere den grunnleggande eininga i DNK. *Det bør leggjast til grunn at kyrkja skal halde fram med å vere landsdekkande.* Då må soknet si rolle bli styrkt! Mange sokn bør slåast saman til større einingar slik at det blir naturleg å oppretthalde eit kyrkjekontor i kvart sokn med ein liten administrasjon. Folketal, geografi og kommunikasjon gjer det vanskeleg å sette spesifikke kriterium som skal gjelde over heile landet når det gjeld storleiken på soknet. Men det er viktig å sikre folket si kjensle av «vår lokale kyrkje» - her møter vi «våre kyrkjetilsette» som kjenner våre forhold og våre tradisjonar. Soknepresten er redd både små og større sokn fort vil leve i skuggen av ein større fellelrådsadministrasjon og at avstanden mellom soknet sine medlemar og administrasjonen blir for stor om ein går for ei ordning på prostinivå. Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

Nei. Soknet blir øvste organ lokalt.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

Ingen formelle fellesorgan for fleire sokn lokalt.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar:

Ordninga blir ikkje vidareført: Soknet er øvste organ lokalt. Oppgåve fordelinga må sjåast på. Av oppgåver som i dag ligg på fellelrådsnivå vil nokre arbeidsoppgåver verte ført over til bispedømmenivå medan andre til soknenivå.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

All verksemd til soknerådet bør vere inkludert i styrings- og leiingsansvaret for sokna sine organ.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

Den bør organiserast slik at sokna er av ein slik storleik at dei framleis kan oppretthalde eit kontor eller base for kvart sokn.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Biskopens tilsynsfunksjon bør utviklast og styrkast både for prestar og andre vigsla medarbeidarar. Biskopen bør leie prestetenesta og utøver arbeidsgjevarfunksjonar for prestane. Enkelte arbeidsgjevarfunksjonar kan delegerast ned til soknenivå, men formelt er alle tilsette i bispedømmerådet.

Tek ein frå biskopen arbeidsgjevarfunksjonen tek ein også vekk mange av biskopens formelle instrument i høve å utøve det overordna tilsynsansvaret for kyrkjelydane. Det er ikkje vanskeleg å sjå for seg konflikt i syn mellom biskop og eit fellesråd med arbeidsgjevaransvar for til dømes ein prest. Biskopen vil i realiteten langt på veg bli «vengeklippa» då biskopens tilsyn må være meir omfattande enn retten til ein samtale... Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Biskopen har gjennom bispedømmerådet arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjelege tilsette. Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Dagens ordning vert vidareført med eventuelle mindre justeringar.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar:

I samsvar med Kyrkjerådets vurdering A
Soknerådet sitt samrøystes vedtak

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar:

Svaret følger av det føregåande svar på spm. 14.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

Ja.

I samsvar med Kyrkjerådets forslag A

Utfyllande kommentar: Biskopen si rolle i kyrkja må framleis vere tydeleg og understreke det andelege ansvar biskopen har for HEILE kyrkja. Slik blir det lettare for biskopen å utarbeide felles mål og strategi for heile bispedømmet.

Men det blir sær s viktig at bispedømmeadministrasjonen arbeider profesjonelt, ryddig og føreseieleg, særskilt i høve sokna og dei tilsette sine behov. Støttefunksjonen for vedlikehald og forvaltning av bygg og anlegg må styrkast.

Soknet si rolle i høve kommunen må haldast oppe og det må leggjast til rette for eit godt samarbeid.

Kommunen sitt økonomiske ansvar skal i utgangspunktet gå gjennom soknet.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Det formelle arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjelege tilsette blir samla hos biskop og bispedømeråd. Men av praktiske omsyn kan nokre av arbeidsgjevarfunksjonane delegerast ned til soknenivå. Soknerådet sitt samrøystes vedtak

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I svært liten grad.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestedtjenesten og andre vigslende tjenester?

Svar:

Biskopen har det overordna ansvaret, prosten er biskopens «forlenga arm» ned på prosti og soknenivå. Soknerådet sitt samrøystes vedtak

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

Kyrkjemøtet skal vere det øverste representative organet i DNK og skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske lære.
Kyrkjerådet må avlaste kyrkjemøtet, og få utvida sitt mynde. Kyrkjemøtet må få høve til å konsentrere seg om retning, mål, organisering og økonomi.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Kyrkjemøtet bør setjast saman som i dag. D.v.s. Biskop (automatisk med), prest vald av prestane i bispedømet, ein lek kyrkjeleg tilsett vald av dei kyrkjelege tilsette i bispedømet.
Dei resterande sju medlemmane vert vald av sokneråda ved indirekte val i bispedømet.
Ved nominasjon til Kyrkjemøtet bør erfaring med råds- og anna kyrkjeleg arbeid verte særleg vektlagt.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar:

Bispemøtet bør få eit saksforberedande ansvar for lære og liturgisaker til kyrkjemøtet, medan kyrkjerådet vil vere ansvarleg for å førebu dei resterande sakene som skal handsamast av Kyrkjemøtet.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

For å ivareta biskopane si sjølvstendige rolle bør Bispemøtet sin preses ha rollen med å ivareta arbeidsgiverfunksjoner for de øvrige biskopane. Preses og biskopane og deira stab bør tilsetjast av Kyrkjerådet.
Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkjerådet har i dag eit passande tal medlemmar. For å sikre geografisk spreing bør det vidareførast ei ordning om at kvart bispedøme må ha minst ein representant.

Kyrkjerådet bør tilstrebe at minst 20 prosent er av representantane er personar under 30 år og kvart kjønn er representerte med minst 40 prosent.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Med bakgrunn i at DNK lærenemnd ikkje har vore i funksjon sidan 2006 (9 år sidan sist), er det naturleg at dei oppgåvene som har vore lagt til nemnda i framtida vert ivareteken av Bispemøtet.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Samisk kirkeråd bør halde fram som et råd under Kyrkjemøtet og medlemmene oppnevnes som i dag.

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Eit fleirtal på 5 personar stemte for:

Det kyrkjeleg ungdomsdemokratiet bør verte ein del av kyrkjeordninga vedteken av Kyrkjemøtet. Dei gjeldande funksjonane til ungdomane sitt Kyrkjemøte held fram som dei som no gjeld.

Eit mindretal på 1 stemte for:

Det bør arbeidast for at ungdom og alle aldersgrupper blir representert i dei ulike organ – men særgruppers «demokrati i demokratiet» bør avviklast. (Kan ikkje ha særdemokrati ut frå alder, livsfase, kjønn, språk...).

Soknerådet sitt samrøystes vedtak.

Rett utskrift:

Sande: 04.05.15.



Magna Lisbeth Lunde

Kyrkjeverje

Kopi: post.kirkeradet@kirken.no